



Sætre-bygningen skal pussast opp og leigast ut. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Elin Enes opplyser til Grenda at Sætre-huset, som ho har kjøpt for 620.000 kroner, skal pussast opp og leigast ut. Ho er glad for at ho har fått huset til ein pris rett over taksten på 600.000 kroner. Enes skal ikkje opna butikk i huset.**

- Huset er ein del av historia til bygda og har mange gode kvalitetar. Eg synes dette er eit bra hus å ta vare på, og fekk lyst til å pussa det opp i gamal tradisjon, seier Enes til avisa. Ho vil leiga ut andre etasjen som fritidsbustad og første etasjen til kontor eller butikk. I andre etasjen skal ho behalda dei gamle, sjarmerande trekka med profilerte lister og eit flott tregolv som skal pussast fram. Kjøkken og bad skal ha ny standard.

I kjellaren står ein gamal, vedfyrt bakaromn i teglstein. Enes er konditor og og har svært gjerne lyst til å bevara mest mogleg av bakeriet som det var. Heisen med brett til butikken er også bevart.

Det viktigaste i første omgang er å få taket tett, og fiksa 2. etasje og loftet. Første etasje var sist leigd ut til dyreklinikk og er alt pussa opp.